

Oppdragsgiver
Øygarden kommune

Rapporttype
Oppsummeringsnotat

2011-03-16

BARNETRÅKKREGISTRERING ØYGARDEN KOMMUNE



BARNETRÅKKREGISTRERING ØYGARDEN KOMMUNE

Oppdragsnr.: 5100108
Oppdragsnavn: Barnetråkkregistrering. Øygarden kommune
Dokument nr.: 1
Filnavn: Oppsummeringsnotat

Revisjon	0			
Dato	2011-03-16			
Utarbeidet av	MEE			
Kontrollert av	TMN			
Godkjent av	TMN			
Beskrivelse	MEE			

Revisjonsoversikt

Revisjon	Dato	Revisjonen gjelder

INNHOOLD

1.	BAKGRUNN.....	4
2.	SAMMENDRAG	4
3.	GJENNOMFØRING.....	5
3.1	Forarbeid	5
3.2	Registrering	5
3.3	Etterarbeid.....	5
4.	REGISTRERINGAR.....	6
4.1	Toftøy.....	7
4.1.1	Registreringar, Oppsummert. Toftøy	8
4.1.2	Skildring og forslag til tiltak på Toftøy.....	10
4.2	Rong	13
4.2.1	Oppsummering,Rong	14
4.2.2	Oppsummerte kommentarar. Rong.	15
4.2.3	Skildring og forslag til tiltak for områda i Rong	16
4.3	Blomvåg	20
4.3.1	Oppsummering, Blomvåg	21
4.3.2	Skildring og forslag til tiltak for områda i Blomvåg	23
4.4	Alvheim og Bakken.....	26
4.4.1	Skildring og forslag til tiltak for områda rundt Alvheim og Bakken ...	29
5.	SLUTTORD.....	34
6.	VEDLEGG	36
1.	Temakart, Toftøy.....	36
2.	Temakart, Rong	36
3.	Temakart, Blomvåg	36
4.	Temakart, Alvheim/Bakken.....	36
5.	Informasjon.....	36
6.	.Rettleiar "Barnetråkk, veileder 2010".....	36
7.	Samlekart, heile Øygarden A0.....	36

1. BAKGRUNN

Det er vaksne som både utarbeidar og vedtek planane i kommunen. Dei aller fleiste planar har konsekvensar for born. I Plan- og bygningslova har kommunane særskild ansvar for medverking frå dei yngste innbyggjarane. Ved å la born og unge teikne i kart, kan dei fortelje vaksne om korleis dei brukar lokalmiljøet sitt, og dokumentera den faktiske arealbruken.

Barnetråkkregistrering er difor eit viktig verktøy for dei vaksne fagfolka i planlegginga som gjev politikarane moglegheit til å ta kunnskapsbaserte valg.

Øygarden kommune engasjert i 2010 Rambøll Norge til å utføre ei barnetråkkregistrering på vegne av kommunen. Éin klasse frå kvar av grunnskulane i Øygarden deltok i registreringa. Registreringa vart i samarbeid med lærarane på dei aktuelle skulane, utført i oktober og november i 2010.

I samband med barnetråkkregistreringa er det ikkje bevilga midlar til aktuelle tiltak som følgje av ynskje om forandring/forbetring. Eventuelle tiltak må difor skje som av drift (for oppgradering/vedlikehald) eller som eigne prosjekt i privat eller offentleg regi. Dette notatet vil difor vere å betrakta som eit innspel til seinare planprosessar og prosjekt, i område som rører ved borna sine nærområde.

2. SAMMENDRAG

Barnetråkkregistreringa har inngått i undervisninga på skulane, og borna har sjølv registrert skuleveg og fritidsveg, områda dei brukar til leik og opphald, favoritt og problemstader, og skulen sine eigne bruksområde. Til registreringa har ein nytta *Norsk Form* sin rettleiar "*Barnetråkk. Veileder 2010. Registrering av barn og unges arealbruk.*" Sjå vedl.6. Borna har først gjort registreringane på papirkart, og deretter lagt dei inn digitalt i det nettbaserte verktøyet "*www.kartiskolen.no*". Metoden er godkjent av datatilsynet.

Dette dokumentet skal kort samanfatta dei utførte registreringane, og koma med forslag til tiltak for område som utmerkar seg som mykje brukt, eller farlege. Temakart for kvar enkel krins er lagt ved. Temakarta er nummerert med referanse til oppsummerte kommentarar.

Ulike temakart:

- barneveg
- leik og opphald
- problem/favorittstader
- skulebruk

I notatet er det sett inn eit grovt oppsummeringskart. Kartet er, likeeins med temakarta, nummerert med referansar til oppsummeringsliste. For nøyaktig plassering og kommentarar, sjå temakart for kvart einskild område/tema, eller slå opp direkte i registreringsdatabasen for alle kommentarar under eitt.

I tillegg til temakart er det laga samlekart for heile kommunen. Dette kartet inneheld også suppleringar etter oppsummering med skulane i etterkant av registreringa. Kartet er datert 16.03.2011, og lagt ved notatet.

3. GJENNOMFØRING

3.1 Forarbeid

Det vart før registreringane tok til arrangert eit informasjonsmøte for lærarane i dei aktuelle klassane. Lærarane vart mellom anna presentert for bakgrunn for barntråkkregistreringa, viktigheiten av ei slik registrering, faglege/pedagogiske moglegheiter, metode for gjennomføring, og framdrift. Lærarane fekk med seg eit informasjonsskriv, rettleiar, og kart over deira krinsar til bruk i registreringa. Foreldre har også fått heim brev med informasjon om registreringa. Informasjonsbrev og presentasjon er lagt ved notatet.

3.2 Registrering

Elevane har arbeida med registreringa i klassen, og hatt heimeleke med moglegheit til å få hjelp av foreldre. I denne fasen vart det nytta manuellregistrering med papirkart.

Då alle skulane var ferdige med registreringane reiste prosjektmedarbeidarane frå Rambøll ut til kvar einskild skule for å hjelpe til med å få registreringane inn i det digitale verktøyet "kartiskolen.no". Elevane fekk rettleiing to og tre om gongen i korleis dei skulle legge inn sine registreringar i nettdatabasen. Det har gått med omlag ein skuledag i kvar klasse til digital registrering.



Elevar i gang med å registrera karta sine digitalt

3.3 Etterarbeid

Etter registreringa på skulane måtte registreringsdata bli gått igjennom tema for tema, og deretter samanfattast og samlast på temakart. Temakarta laga til kvart enkelt område er henta frå "kartiskolen.no". Dei registrerte opplysningane vart oppsummert i lister og så knytt til karta ved å legge inn nummerering både i liste og kart. Oppsummerte kart og lister vart så tilsend skulane for gjennomgåing og tilbakemelding, slik at ein sikra at all viktig informasjon vart teke med. Opplysningane som kom fram etter gjennomgang av skulane er tatt med i notat og kart. Det vart og gjennomført befarig for eit lite utvalg av områda, då med vekt på områda som vart oppfatta som mest kritiske/populære.

4. REGISTRERINGAR

Éin klasse frá kvar av grunnskulane i Øygarden kommune deltok i registreringa.

Toftøy barneskule

Registreringa vart gjennomført i 6.trinn på Toftøy barneskule, oktober 2010. Det var 24 elevar som deltok i registreringa.

Rong barneskule

Registreringa vart gjennomført i 6.trinn på Rong barneskule, november 2010. Det var 14 elevar som deltok i registreringa.

Øygarden ungdomsskule


Registreringa vart gjennomført i 8.trinn på Øygarden ungdomsskule, oktober 2010. Det var 22 elevar som deltok i registreringa.

Blomvåg barneskule

Registreringa vart gjennomført i 6.trinn på Blomvåg barneskule, november 2010. Det var 12 elevar som deltok i registreringa.


Alvheim/Bakken barneskule

Registreringa vart gjennomført i 4.trinn på *Alvheim*, november 2010. Det var 13 elevar som deltok i registreringa. Registreringa på *Bakken* vart gjennomført i 6.trinn på, november 2010. Det var 13 elevar som deltok i registreringa.



4.1 Toftøy

Område for Toftøy ligg heilt sør i Øygarden og vert her avgrensa av Rongesundet.




Avgrensing for Toftøy markert med grøn farge. Kartkjelde; kartiskolen.no

4.1.1 Registreringar, Oppsummert. Toftøy

Oppsummeringskart

Kartet under er eit grovt oversiktskart. Tala på kartet er knytt til dei oppsummerte kommentarane i oversikta under. Temakart for kvart enkelt deltema er lagt ved. Oversiktskartet må sjåast i samband med temakarta. Temakarta er nummerert ihht oversiktskart, og viser alle registreringar. *Sjå vedlegg 1.1-4.*



Oppsummerte kommentarar

1. Vika. Sparkar på ball, båt på sjøen, snøballkrig, hytte, fotball, gjøym og leik.
2. Pardalsmyra. Heile året. Sykling, tur, skøyter hovudsakleg i sørvest om vinteren.
3. Akebakken i Vik. Vinterbruk. Aker, jager/er med sauene, treff venner.
4. Tursti ut til bølgekraftverket. Hytter.
5. Farleg veg. Ikkje gangfelt over vegen.
6. Favorittstad. Teknologisenteret. Skater med venner.
7. Favorittstad. Bur og leiker her.
8. Farleg veg. Stor trafikk, farlege kryss og dårleg lys.
9. Farleg veg. Stor trafikk
10. Farleg veg. Nesten påkjørsel grunna mangel på fotgjengerfelt.
11. Venninne sitt hus. Ballspel, treff vener.
12. Nordlavatnet. Sommarbruk. Mange bader, dykker, fisker, soler seg, og møter vener her.
13. Farleg veg. Holdt på i bli påkjørt
14. Farleg veg. Stor trafikk
15. Skogen/ved skulen. I bruk heile året. Treff vener, ballspel, bader, fisker, soler meg, fotball.
16. Fotballbane. Ballspel om sommaren.
Ei prøver helst å unngå staden då ein mann i mørk bil ein gong prøvde å få kontakt med henne.
17. Farleg veg. Mørkt, ingen lys der.
18. Torsvik. Heile året. Treffar venner, heng rundt.
19. Grottevika/Skogen. Heile året. Feirer St.Hans, bader, fisker, soler seg, griller, bygger hytte, klatrer i tre.
20. Farleg veg. Stor trafikk.
21. Farleg veg. Stor trafikk.
22. Langs hovedveg. Prøver å unngå. Bilar stoppar og ukjende folk ropar etter deg.
23. Dansehuset. Favorittstad. I bruk hele året. Danser.
24. Nærområde/tursti. Heile året. Treff venner, heng rundt, turgåing, sykling.
25. Farleg veg. Ingen beskrivelse.
26. Øygarden stall/Torsvik stallen. Heile året. Rir og steller hester. Favorittsted.
27. Farleg veg. Mørkt.
28. Vågen. Heile året.
29. Skulebruk. Skuleplassen. Fri leik. Ballspel.
30. Misjeholmane. Skøyter om vinteren.


4.1.2 Skildring og forslag til tiltak på Toftøy

Leik og opphaldsområde (problem/favorittområde)

Dei største og mest brukte naturområda til leik og opphald på Toftøy verkar å ligga lengst sør i området i Vikavågen (1), Perdalsmyra/Stegevik (2) og ved Nordlavatnet (12). Vikavågen og Perdalsmyra/Stegevik vert brukte heile året, medan Nordlavatnet vert mest brukt sumarstid. I Vikavågen er det helst ballspel, båtliv, snøballkrig, hytter, fotball og leik. Perdalsmyra vert mest brukt til sykling, turgåing og skøyter. Nordlavatnet er populær badeplass der ein fiskar, dykkar, solar seg og treff vener.



Akebakke ved Vik til venstre. Nordlavatnet til høgre.



Områda kring Vikavågen og Perdalsmyra. Kjelde; kartiskolen.no

Mindre område som også er mykje brukt til bading, leik og til å treffe vener er områda kring skuleplassen, Torsvik (18), Grottevika (19) og Vågen (28). Grottevika vert og brukt til St.Hans-feiring, til hyttebygging og treklattring. Turveg ut til bølgekraftverket vert også nytta av nokre.

Markerte favorittstader er blant anna Torsvikstallen, dansehuset og skatestaden ved teknologisenteret (6).



Skatestad ved Teknologisenteret.

Forslag til tiltak; sikre dei mest brukte bade- og leikeområda, som t.d Perdalsmyra/Stegevik, akebakken ved Vik, og Nordlavatnet, ved å la områda få føremål t.d friområde/friluftsområde i kommuneplan/kommunedelplan.

Trafikkområde

Fylkesvegen gjennom Toftøy vert av dei fleste ikkje opplevd som farleg, men nokre syns likevel strekinga er farleg på grunn av stor trafikk, farlege kryss, dårleg lys, og mangel på gangfelt (8). Gangfelt er mellom anna sakna over Fv 561 ved bustadfeltet på Knappesvegen(5) og langs Vestrevegen (9). Andre vegstrekingar som vert opplevd som farleg er vegen ved fotballbana ved Kvernabrekka (16), og Vågenvegen, grunna mørkt/inga belysning. Husdalvegen vert opplevd som farleg grunna stor trafikk.



Raudstrek viser ein av plassane borna ynskjer gangfelt ved Knappen. Kjelde; kartiskolen.no


Forslag til tiltak; for kryssing av veg kan ein planlegge for gangfelt, eller lyskryssregulert overgang for dei mest brukte krysningspunktta. Ved gangfelt kan det vere fornuftig å lyse opp

områda kring feltet for å gjere bilførerar merksam på overgangen. Overgang kan òg kombinerast med t.d fartsriller eller mindre fartsdumpar for å seinka farten. Slike tiltak kan t.d takast med i ein evt. trafikksikringsplan, eller i dialog med kommune eller vegvesen (for Fv).

For områda som vert opplevd som skumle pga inga belysning, kan ein t.d planlegge for belysning for dei mest brukte plassane.

4.2 Rong

Rong er kommunesenter i Øygarden, og område strekk seg her frå Rongesundet i sør til Ulvsundet i nord.




Område for Rong markert med grønt. Øygarden ungdomsskule markert med raudt.

Kartkjelde; kartikolen.no

4.2.1 Oppsummering,Rong

Oppsummeringskart

Kartet under er eit grovt oversiktskart. Tala på kartet er knytt til dei oppsummerte kommentarane i oversikta under. Temakart for kvart enkelt deltema er lagt ved. Oversiktskartet må sjåast i samband med temakarta. Temakarta er nummerert ihht oversiktskart, og viser alle registreringar. Sjå vedlegg 2.1-4



Oppsummerte kommentarar. Rong.

1. Sør for Rongalopet. Sommerbruk. Fisking, bading, soling.
2. Ormhillaren. Sommerbruk. Går tur der.
3. Lille varden. Sommerbruk. Bader,fisker,soler meg.
4. Raudhammaren. Vil endre. Ser ikkje når det kjem bilar.
5. Rong. Vil endre. Ser ikkje om det kjem bil rundt hjørnet. Dårlig sikt særleg ved svingen med Pålsneset, mørkt langs vegen (treng lys).
6. Skummel veg. Mørkt pga ingen gatelys.
7. Skummelt. Fant narkotikasprøyte i skogen
8. Heile hovedvegen. Skuleveg. Stor trafikk, farlege kryss og dårleg belysning.
9. Favorittstad. Spelar fotball der.
10. Varden og Holdningsneset. Heile året. Skating og snowboard.
11. Fritidsveg. Farleg. Stor trafikk og dårleg sikt.
12. Skuleveg. Mørkt.Kan ikkje sjå vegen så godt når vi sykklar.
13. Skuleveg. Farleg. Mørkt.
14. Farleg. Ser ikkje om det kjem biler.
15. Sommerbruk. Leiker gjømsel.
16. Fritidsveg. Farleg. Dårlig oversikt pga trær.
17. Fritidsveg. Fleire syns er farleg. Skummel tunnel. Skumle mennesker, mørkt/lite lys, mennesker som drikk om natta, søppel og hærverk, skummel tunnel/undergang med alkoholikere og masse glasbitar. Ekkel lukt.
18. Rong senter/butikken. Fleire har som favorittstad. Heng med venner. Handler.
19. Rong senter. Vil endre. Det er fulle folk der.
20. Bensinstasjon. Favorittstad. Er med folk.
21. Kaiområde med mykje lause steiner. Ynskjer å endre.
22. Månetoppen ved Rådhuset. Sommerbruk. Griller med klassen, lager mat på stormkjøkken, leiker krig, lager mat og leiker, bader fisker, soler seg, treffer venner, henger rundt, gøy å lage mat der, vasser.
23. Fritidsveg. Farleg. Bak bensinstasjonen.
24. Skuleveg. Farleg. Stor trafikk.
25. Vinterbruk.Skøyter.
26. Prøver å unngå. Står på skøyter der, men er farlig.
27. Kroken. Favorittstad. Hviskekrok.
28. Skuleveg. Stor trafikk. Krysser vegen uten gangfelt.
29. Skuleveg. Lite fortau. Stor trafikk. Krysser vegen der dei ikkje skal/ikkje er gangfelt.
30. Bratt skråning med mykje steinar.
31. Fotballbanen/kulturhuset. Manges favorittstad. Spelar fotball, er med folk, ser på andre som trener, fotball om sommaren, ser på kampar, treffer venner, bader i kulturhuset.
32. Rong. Vil endre. Mørkt, uoversiktelig og skifte lyspære.
33. Skuleveg. Mørkt. Litt stor trafikk.
34. Fritidsveg. Mørkt
35. Moldebrekkene. Heile året. Aker der.
36. Sandvika/Sundevika. Heile året. Går på tur, lager mat, aker, griller.
37. Fritidsveg. Moldebrekkene treng mykje meir lys.
38. Bakken. Heile året.
39. Steindalen. Heile året. Aker og treffer venner. Griller og lager bål.
40. Rong skule. Heile året. Treff venner, heng rundt, bruker leikeapparater, snøballkrig.
41. Vestesjødn. Heile året. Går tur der, griller, bader, er der med skuklen, fisker, soler meg, treff venner.
42. Fritidsveg. Skumle mennesker.
43. Ditleff-hyttto. Heile året. Går på tur. Skøyter
44. Vestesjøen. Vinterbruk. Aker
45. Akebakke ved sida av Skitvika. Vinterbruk. Aker.
46. Fritidsveg. Treng meir lys og breiare veg.
47. Kvalen. Står på ski og er med venner.
48. Det er eit tre og når eg sykler så ser eg ikkje om det kommer bil eller ikkje.
49. Dalen/Navrestadhøyen/Høyen. Vinterbruk. Aker og er med venner.
50. Austesjøden/Austevågen/Øystesjødn/Østesjøen. Heile året. Grilla mat, leike, er med klassen, jobber, bader,fisker og soler meg, treff venner.
51. Vestemarka. Skulens bruk. Friluft.
52. Øygarden kulturhus. Skulebruk. Fotball, kroppsøving osv.
53. Øygarden ungdomsskule. Skulebruk. Skuleplassen. Fri leik.
54. Skulebruk. Står på skøyter om vinteren.

4.2.3 Skildring og forslag til tiltak for områda i Rong

Leik og opphaldsområde

Det er fleire flotte naturområde i Rong som vert nytta til bading og grilling, og andre sumaraktivitetar. Ikkje fullt like mange område vert nytta til vinteraktivitetar.

Naturområda heilt sørvest på Rong ved Ormhillaren (2), Rongalopet 1) og Lillevarden(3) vert mykje brukt sumarstid til bading, leik og grilling. Det same gjeld "Månetoppen" ved rådhuset (22). Borna likar seg godt her, og brukar området helst på sumarstid. Dei er her mykje med skulen, men og på eiga hand. Dei badar, grillar og leikar i dette området. Det er kommentert at kaiområdet like ved Månetoppen har mykje lause steinar.



Månetoppen til venstre. Tursti ut til Ormhillaren til høgre.

Området ved Austevågen (50) er òg nemnd av mange. Området vert brukt heile året, både i skuletida og på eiga hand. Borna mellom anna grillar, badar, jobbar, og treff vener der.

Steindalen/Dalen (39) er mykje brukt vinterstid. Området vert nytta til aking, grilling og til å treffe vener. Vestesjøden (44,41) nyttast av fleire heile året. Borna går mellom anna tur, grillar, badar, solar seg og treff vener.



Akebakke ved skulen/Skitvika .

Mindre område som mellom anna Dalen/Navrestadhøyen (49) , Bakken(v.Skitvika) (45), og dammen utanfor ungdomsskulen (54) vert nytta til vinteraktivitetar som aking og skigåing.

Ellers har fleire markert fotballbana ved kulturhuset, og kulturhuset, (52,53) som favorittstad. Her sparkar dei fotball, ser på andre som trenar, ser på kampar, badar og treff vener.



Fotballbana



Kulturhuset like ved

Forslag til tiltak; opprydding i kaiområde. Evt legge betre til rette for bading i området då dette blir mykje brukt til slike aktivitetar.

Trafikkområde/ barneveg

Det er separat fortau stort sett langs heile fylkesvegen som går gjennom Rong, og dei fleste opplever vegen som trygg. Nokre oppfatar likevel vegstrekninga som farleg grunna stor trafikk på vegen, farlege kryss/avkjørsler langs vegen og dårleg belysning.

Vidare unngår svært mange av borna undergangen ved Rong senter under fylkesvegen, og kryssar heller vegen i plan. Dette fordi undergangen vert oppfatta som mørk, skummel og utriveleg.



Undergang under FV561 ved Rong senter. Bilete frå befarings stadfestar borna sine observasjonar.

Borna kryssar i staden vegen ved bensinstasjonen og ved kulturhuset. Saknar gangfelt då det er stor trafikk på strekninga. Det er fotgjengerovergang før brua ved fotballbana, men nokre kryssar likevel vegen ved busstoppet like ved avkjørsel til Kulturhuset.



Rong senter til venstre. Borna kryssar vegen gangsti bak bensinstasjon og busstopp. Gangfelt ved Kulturhuset til høgre. Borna kryssar vegen også ved busstopp ved Kulturhuset. Raud stipling. Kjelde; kartiskolen.no

Fleire har kommentert at det er dårleg sikt ved svingen ved Pålsneset (5). Her er det i tillegg mørkt og staden vert opplevd som skummel. Dårlig sikt vert også påpeika ved avkjørsel frå fylkesvegen til bustadområdet ved Raudhammaren (11) og Gjetlingavegen (14). I kryss mellom internvegar i Austemarka(16) , samt ved Askjelhøyen (48), er det dårleg sikt pga tre. Mørkt/manglande belysning er det også ved nytt bustadfelt som går langsmed fylkesvegen på austsida, ved Nygårdsvegen og ved Moldebrekkene.

Langs fylkesvegen ved kulturhuset er fortauet oppfatta som for smalt, og at det difor skummelt med stor trafikk på strekninga. Ellers er det observert skumle menneske ved Rong senter og vegen ved Sundevika.



Pålsneset. Dårlig sikt i området. Kjelde; kartiskolen.no

Forslag til tiltak:

Belysning og jevnleg reingjering/kosting av undergangen ved Rong senter. Eit anna enkelt tiltak for å gjera undergangen trivlegare, kan tildømes vere å la borna måla veggane i undergangen med eigne måleri. Eit meir overordna tiltak dersom borna likevel ikkje nyttar undergangen, kan


vere å planlegge/regulere ny vegkryssing , i plan med veg eller over, dersom dette er fysisk mogleg.

For områda der det er problem med sikt for mjuke trafikkanter kan ein til dømes hugge ned vegetasjon som står i vegen (48). Gatebelysning og breiare fortau er noko som er etterspurt fleire stader. Tiltaka på fylkesveg krev dialog med både Vegvesen og kommune, og ei meir omfattande og langsiktig planlegging.

Nye gangfelt kan vere tiltak for å få tryggare kryssing av fylkesveg, og for avkjørsler som kryssar fortau langsmed fylkesveg. Eit større tiltak kan vere lysregulert kryssing av veg ved Kulturhuset/fotballbana, ei strekning som vert kryssa fleire gonger om dagen av born både frå Rong ungdomsskule, og kommunen forøvrig.

4.3 Blomvåg

Område for Blomvåg strekk seg her frå Ulvsundet i sør, og avgrensast ved Nordre Straumsundet i nord.




Område for Blomvåg markert med grøn farge. Kartkjelde; kartskolen.no

4.3.1 Oppsummering, Blomvåg

Oppsummeringskart

Kartet under er eit grovt oversiktskart. Tala på kartet er knytt til dei oppsummerte kommentarane i oversikta under. Temakart for kvart enkelt deltema er lagt ved. Oversiktskartet må sjåast i samband med temakarta. Sjå vedlegg 3.1-4



Oppsummerte kommentarer

1. Stølemyri, Sommerbruk
2. Knarvikveien. Heile året. Går på skøyter. Aker og går på ski
3. Neset. Vinter. Aker
4. Stritsholmen. Sommer. Bader, fisker, soler meg.
5. Floten. Sommer. Bader, sykler, soler meg.
6. Skoren. Vinter.
7. Neset. Heile året. Aker, bruker leikeapparater.
8. Selstø. Sommer. Sykling, olabil, lek.
9. Akebakke. Vinter. Aker
10. Blomvatnet. Heile året. Bader, fisker, soler meg, skøyter, er med venner.
11. Sele. Heile året. Bruker leikeapparater. Treffe venner, sykle, kjøre kassebil.
12. Blomvåg skule/Høgeseta. Heile året. Er med venner, henger rundt, ballspel, sykling, lek, bygge søhole.
13. Dale. Heile året. Sykler, snøborg, snøballkrig, bygger hytte, fotball, fri lek, treff venner, ski.
14. Steinvatnet. Sommer. Treff venner, heng rundt. Bader.
15. Næringsparken. Går tur med familien
16. Dalsneset. Vinter. Aker.
17. Hillasvatnet. Sommer. Bader, trreffer venner, grille, kose seg.
18. Blomvatnet. Favorittstad. Men syns det er mange steiner under vannet såanne vi ikkje kan se.
19. Dale. Favorittstad. Fotball, spark på ball, gjøym og lek, politi og røver
20. Blomvåg og Breivik oppvekstsenter. Heil eåret. Fotball, tur, slåball, fri lek, turløype.
21. Garnesvegen/Kyrkjevegen/Eslemyrane. Mørkt langs vejen. Lite fortau.
22. Blomøyvegen/Blomevegen. Dårleg sikt og høg fart. Krysser Blomøyvegen. Kan ikkje se bilene som kommer oppenfra.
23. Blomøyvegen. Krysset er farleg
24. Skrubbenakken. Bilene kjører fort. Ingen fotgjengerovergang ved kryssing av Oøyvegen.
25. Dårleg sikt langs strekninga Hilldalsvatnet – Oøyvegen – bustadfelt vest for Oøyvegen
26. Sæle. Sykle, kjøre lastebil, leike.26

4.3.2 Skildring og forslag til tiltak for områda i Blomvåg

Leik og opphaldsområde (Problem/favorittområde)

Neset (7) , Blomvatnet(10) og Dale(13) er mykje brukte leik- og opphaldsområde. Det same gjeld områda på og kring Blomvåg skule, som mange av borna brukar også utanom skuletid. Alle områda vert brukt året rundt. Utover desse områda vert næringsparken brukt som turmål for nokre.

Skulen brukar områda kring skulebygget (20).



Blomvatnet til venstre. Eit av områda som er mykje brukt til bading. Områda på Dale til høgre. Kjelde; kartiskolen.no

Forslag til tiltak;

Sikre dei mest brukte bade- og leikeområda ved å la områda som t.d. Blomvatnet og Dale få føremål t.d. friområde/friluftsområde i kommuneplan/kommunedelplan.

Trafikkområde

Det som går igjen som farlege vegar og trafikkområde på Blomøyna, er områda Garnesvegen/Kyrkjevegn/Eslemyrane (21). Vegane vert oppfatta som skumle grunna det er mørkt. Både Blomøykrysset (23), og kryssing av Blomøyvegen ved Blomevegen (22) er oppfatta som farleg. Bilane har høg fart og det er ikkje gangfelt. Dårlig sikt i bakken aust for skulen (v. 22).



Blomøykrysset. Kjelde; kartiskolen.no

Farleg å krysse Oøyvegen ved Skrubbenakken (24,25). Dårlig sikt og høg fart på bilane.

Ingen særskilde problem eller favorittområde er registrert.

Forslag til tiltak:

Vurdere belysning langs Garnes-/Eslemyrane,/Kyrkjevegen. Sjå nærare på Blomøykrysset og Oøyvegen/Skrubbenakken, om tilhøva er gode nok for kryssing av vegen for mjuke trafikkantar. Sikt i bakken ved skulen (22) bør sjåast nærare på straks. Moglege strakstiltak kan tildømes vere nedsett fartsgrense.




Dårleg sikt og høg fart like ved Blomvåg skule.

For ei meir sikker kryssing av veg kan ein til dømes planlegge for gangfelt. Det kan då vere fornuftig å lyse opp områda kring feltet for å gjere bilførar merksam på overgangen. Overgang kan òg kombinerast med t.d fartsriller eller mindre fartsdumpar for å seinka farten. Slike tiltak kan t.d takast med i ein evt. trafikksikringsplan, eller i dialog med kommune eller vegvesen (for Fv).

4.4 Alvheim og Bakken

Område for Alvheim og Bakken krins strekk seg her frå Nordra Straumsundet i sør, og til Rubbegarnståna i nord. Området har éin barneskule, lokalisert på to ulike stader, Alvheim og Bakken (Hellesøy).




Område for Alvheim og Bakken markert med grøn farge. Kjelde, kartiskolen.no

Oppsummeringskart

Kartet til høgre er eit grovt oversiktskart. Tala på kartet er knytt til dei oppsummerte kommentarane i oversikta under.

Temakart for kvart enkelt deltema er lagt ved. Oversiktskartet må sjåast i samband med temakarta. *Sjå vedlegg 4.1-4*



Oppsummerte kommentarar

1. Øyne. Sommerbruk. Bader,fisker og soler meg
2. Lilleviken/Mortevika. Sommerbruk. Bader,fisker,soler meg.
3. Härkestad.Heile året. Hjelper farfar på gården, aker, står på ski.
4. Ådneviksdalen/Ånevika Heile året. Står på ski, gir sauene mat,sykler,
5. Ådnevikvegen. Heile året. er, ermed venner
6. Isbane. Vinter. Skøyter
7. Senterbygg.Favorittstad. Men skummelt inne, men gøy.
8. Prøver å unngå. Skummel rundkjøring.
9. Butikken.Hele året. Skating.
10. Nesemyra. Heile året. Ballspel,trening.
11. Farleg veg. Mørkt.
12. Dårlig sikt i krysset mellom Alvøyvegen og Sturevegen
13. Eventyrskogen.
14. Jensvarden. Heile året. Skating,snowboard, er med venner.
15. V.fv56e1. Sommar. Annet.
16. Alvheim skule. Heile året. Annet.
17. Heile året. Ballspel,ski.
18. Nøste. Sommer. Bader og soler meg.
19. Selskaps plass. Sommer.Selskap.
20. Husvatne. Sommer. Bader og soler meg, fisker. Skøyter om vinteren.
21. Skøytedammen. Vinter. Skøyter.
22. Grønhaugvegen/Tjeldstø/Ådneshøyen. Heile året. Bader,fisker,soler meg, aker,rir, leiker, bygger hytte.
23. Alvheimstræet/Skjold. Vinter. Skøyter.
24. Skjold.Heile året. Skøyter, leiker.
25. Beite/Stureskogen/Skjold. Heile året. Går tur med venner og hunden.
26. Nærområde. Vinter. Aker og går på ski.
27. Nærområde. Sommer. Bader, fisker og soler meg.
28. Hattevatnet. Sommer. Bader,fisker,soler meg.
29. Trollvatnet. Sommer. Bader,fisker,soler meg.
30. Hjelmevegen/Pompehusbakken. Heile året. Speler fotball, leiker, rulleskøyter, sykler, aker,står på ski
31. Stråkesundet.Sommer. Er i båt.
32. Bakken skule. Ballspel i ballbingen.
33. Unerstalen. Vinter. Ake og ski.
34. Sone. Bader,fisker og soler meg.
35. Hellesøy.Heile året. Leiker med venner.
36. Feltet.Heile året. Skater
37. Hellesøy/Nøstene. Sommer. Bader,fisker,soler,meg.
38. Tjeldstø. Prøver å unngå. For at det kan komme biler å kjøre på folk sånn at vi ikke ser folkene.
39. Tjeldstø. Prøver å unngå. Skummelt vegkryss.
40. Tjeldstø. Vil endre. Masse biler.
41. Storhøye. Prøver å unngå. Skummelt å krysse vegen.
42. Hjelme oppvekstsenter
43. Trollvatnet. Bader
44. Hjelmevegen.
45. Grunnevågen. "Livet i fjæra", bading,grilling, lokalkultur med gammalt naustemiljø (kyrkje)
46. Vaulen. Turmål, leik, grilling, leik i fjøra, undervisning.
47. Gløvra/Benkane. Turpassasje med eksotisk preg for ungane.
48. Bakken. Fri leik.
49. Svellingen. Undervisning, "livet i fjøra", turmål.
50. Farleg veg. Mørkt
51. Nokon bilar stoppar ikkje ved kryssing av veg, ,mørkt langs vegen, dårlig sikt i kryss mellom Alvøyvegen og Sturevegen. Skummelt å krysse veien.
52. Tjeldstøkryssset. Ved rundkjøring. Farleg veg. Ikke fotgjengerfelt. Bilane ser ikkje deg om du går over veien fra ei side i rundkjøringa. Ådnevikveien Farleg. Alle bilar stoppar ikkje ved kryssing av veg,

- | | |
|---|---|
| <p>53. Tjeldstøkrysset. Farleg veg. Ikkje fortau og ikkje gangfelt. Stor trafikk.</p> <p>54. Farlig vei. Noen synes det er ekkelt å krysse veien. Ikke gangfelt over hovedveg.</p> <p>55. Farleg veg. Skummelt å gå over vegen.</p> <p>56. Farleg veg. Ser ikkje når bilane kjem når eg skal over vegen.</p> <p>57. Udnestalsbakken. Farleg veg. Denne er veldig glatt om vinteren.</p> | <p>58. Farleg veg. Denne vegen er skummel fordi ein ser ingenting i svingane. Storebror har kræsja.</p> <p>59. Eventyrskogen. Turområde, skulebruk. Nordsjøløypa.</p> <p>60. Blåbærplukking. Skulebruk</p> <p>61. Turgåing. Skulebruk</p> <p>62. Turløype ned til fjæra. Livet i fjæra. Skulebruk</p> |
|---|---|

4.4.1 Skildring og forslag til tiltak for områda rundt Alvheim og Bakken

Leik og opphaldsområde (favoritt(problemstader))

Områda som vert mest brukt kring Alvheim er områda ved Grønhaugvegen/Tjeldstø/Ådneshøyen (22), områda ved Ådnevik (4,5,6,3), og områda kring Jensvarden (10/14,15). Områda ved Grønhaugvegen/Tjeldstø/Ådneshøyen (22) er eit stort område som vert brukt året rundt til mellom anna leik, riding, bading og hyttebygging. Områda ved Ådnevik vert storsett brukt til vinteraktivitetar som skigåing, skøyter og aking, men og til å vere i lag med sauene på gårsbruket i området.



Områda kring Ådnevika er i bruk heile året. Kjelde; kartiskolen.no

Eit av områda som er markert brukt til sumarsbruk kring Bakken/Hellesøy er Stråkesundet (31) som vert brukt til båttaktivitetar, medan Pompehusbakken helst vert brukt til vinteraktivitetar.



Stråkesundet til venstre.




Pumphusbakken til høyre. Kjelde; kartiskolen.no

Alvheim (skule) nyttar blant anna turløypene i nærområdet til skulen (Nordsjøløypa). Her nyttar dei også område kring elva. Eit mindre område nord for skulen vert nytta til blåbærplukking, og fjæra litt sør for skulen vert også nytta i skuletida.



Undervisning i fjæra til venstre.



Turområde til høyre (Nordsjøløypa). Kjelde; kartiskolen.no

Bakken (skule) brukar mykje av nærområda sine både til undervisning og leik. Områda som vert brukt er mellom anna Grunnevågen (45), Vaulen (46), Gløyrane (47), Bakken (48) og Svellingen (49).



Svellingen. Brukt til undervisningsområde for livet i fjæra (49)

Problemstad som går igjen som noko som vil endrast er Tjeldstøkrysset(39).



Tjeldstøkrysset. Fleire born kryssar vegen utanom gangfelte for å komma raskare til bussterminalen til høgre i bilete. Sjå raud stipling.

Forslag til tiltak;

Områda som vert mest brukt som mellom anna Ådnevik og Jensvarden, kan i kommuneplan/kommundelplan t.d få føremål friluft og slik kunna nyttast vidare av ålmenta. Det same gjeld områda som vert mykje nytta av skulen som t.d Grunnevågen og Vaulen. Turløypa gjennom Gløyrane/Benkane kunne ha fått føremål tursti, og såleis verte sikra.

Trafikkområde

Fleire har markert at det er ekkelt å kryssa vegen ved Alvheimsvegen/Støbergsvegen (38,39,40), og krysset forøvrig. Rundkjøringa ved bussterminalen ved Alvhøyvegen/Tjedstøkrysset (52,53) er og markert som eit farleg område av fleire. Borna syns det er skummelt å kryssa vegen her, sjølv om det er gangfelt. Meiner bilane ikkje ser fotgjengarane frå den eine sida av rundkjøringa.

Stor trafikk langs Alvheimsvegen, ikkje fortau.



Tjeldstøkkrysset. Kjelde; kartiskolen.no



Kryss mellom Alvheimsvegen/Støbergvegen til høgre.

Svingane (58) frå Bakken skule og langs hovudvegen på Hellesøy, var det mange som oppfatta som farleg og ferdast på. Vegen vert oppfatta som skummel på grunn av dårleg sikt. Udnestalsbakken (57) er blitt markert som svært glatt vinterstid.



Sikt frå avkjørsel til Bakken skule sett fra nord mot sør.

Forslag til tiltak:

Ved krysset mellom Alvheimsvegen og Størebergsvegen kan det truleg hjelpe med eit gangfelt. Eit gangfelt på ei slik strekning med stor trafikk, bør i så fall vere opplyst, og i kombinasjon med fartsdumpar og skilting før gangfeltet.

Tjeldstøkkrysset er eit trafikkert område, og det er i dag fleire gangfelt i tilknytting til krysset. Borna føler seg likevel ikkje trygge når dei kryssar vegen. Eit lysregulert kryss vil truleg kunna hjelpa på tryggleikskjensla ved kryssing av vegen.

Svingane/vegen ved Bakken skule på Hellesøy (58) er forholdsvis smal, og meir omfattande tiltak som fortau og vegutviding vil truleg vere naudsynt for å betre sikt på strekninga. På kort sikt kan nedsett fartsgrense eller fartsdumpar truleg auke tryggleikskjensla for dei mjuke trafikkantane.



Svingane på Hellesøy sett fra sør mot nord (58).

5. SLUTTORD

Denne registreringa tar for seg borna sine egne skildringar av tilhøva i sitt nærmiljø. Registeringa har skjedd i samarbeid med lærarar og foreldre. Oppsummeringsnotatet bør lesast saman med vedlagt samlekart. Nøyaktig kartfesting av registrerte stader, samt all registrert info finn ein direkte i kartdatabasen til kartiskolen.no. Denne vil kommunen ha tilgang til og bør bruke som grunnlag ved eventuelle tiltak.

Føremålet med registreringa er først og framst å synleggjera borna sine interesser i sitt nærmiljø, og gjere det lettare for private og offentlege aktørar å ta omsyn til dette i enkeltprosjekt eller utviklingprosessar. Den planfaglege vurderinga kjem med forslag moglege tiltak som kan gjerast i nærområdet.

I dette oppsummeringsnotatet er det ikkje foreslått konkrete, men meir generelle tiltak som følgje av registreringa. Enkelte tiltak som ligg innafor det kommunale og fylkeskommunale ansvarsområdet, vil det vere den einskilde avdeling/fagetat som må følgje opp. Eksempel på dette kan vere trafikksikringstiltak som høyrer inn under samferdselsetaten. Tiltak som berører privat eigedom må skje med grunneigar sitt samtykke.

Trafikkområde

Det som går igjen i heile kommunen i høve til trafikksikringstiltak, er mangel på veglys, dårleg sikt, og trygg kryssing av veg, då spesielt fylkesveg 561 som går gjennom heile kommunen.

Nokre stader kan enkle tiltak som å byte lyspære eller hogge nokre trær i frisktsona vere nok for å betre situasjonen. Dette er tiltak som er relativt enkle å gjennomføre, og som krev mindre ressursar. Andre stader, der kryssing av veg er problematisk og vert oppleva som farleg, er meir ressurskrevande og større tiltak aktuelle, som t.d oppmerka/skilta gangfeltfelt, lysregulerte gangfelt, fortau eller ny vegbelysning. Slike overordna tiltak kanein gjennomføra ved å ta dei med i ein eventuell trafikksikringsplan, eller elles leggja retningslinjer i kommuneplan for framtidig trafikksikring.

Område for leik og opphald

Det går fram av registreringa at det i Øygarden fins mange flotte naturområde som i stor grad også vert nytta av ålmenta, herunder borna. Det er både store samanhengande område med allsidig bruk, og mindre område med meir spesifikk bruk som f.eks akebakke. Borna er stort sett nøgd med områda slik dei er i dag. Nokre stader vert likevel oppfatta som skumle, då storsett grunna manglande/ikkje eksisterande belysning. Dette kan betrast med t.d. flombelysning på mykje brukte område som t.d fotballbaner og liknande.

Overordna tiltak kan vere å la større samnhengande område få føremål som t.d friluftsområde i kommuneplan/kommunedelplan, slik at bruken av områda er sikra også i framtida.

Problem-/favorittområde

Ikkje alle har registrert favorittområde/problemområde. Det går likevel fram av registreringa kva område ein føler seg utrygge i og vil endra, og kva område ein trivst i. Stort sett likar borna seg i område markert som leik- og opphaldsområde, medan fleire av vegane merka som farleg er

omtalt som "problemstader" ved at dei føler seg utrygge her. Utryggheiten går mykje på belysning og tryggleikskjensla i trafikken for øvrig.

Skulebruk

Skulane i Øygarden er stortsett flinke til å nytta nærområda kring skulen. Nokre meir enn andre. Område som i særleg grad vert nytta er område nær sjøen.

Samband mellom mykje brukte område, både av skulane og i borna si fritida, og prioritering av trafikktryggleik, heng naturleg saman. Gjennomføring av trafikksikringstiltak tilknytta områda som er mest brukt bør difor prioriterast.

Alle foreslåtte tiltak er forslag som må nærare utgreiast og detaljerast av fagfolk før ei eventuell gjennomføring.

6. VEDLEGG

1. Temakart, Toftøy

- 1.1 Leik og opphaldsområde
- 1.2 Barneveg
- 1.3 Problem-/,favorittstader
- 1.4 Skulebruk

2. Temakart, Rong

- 2.1 Leik og opphaldsstader
- 2.2 Barneveg
- 2.3 Problem-/,favorittstader
- 2.4 Skulebruk

3. Temakart, Blomvåg

- 3.1 Leik og opphaldsområde
- 3.2 Barneveg
- 3.3 Problem-/,favorittstader
- 3.4 Skulebruk

4. Temakart, Alvheim/Bakken

- 4.1 Leik og opphaldsområde
- 4.2 Barneveg
- 4.3 Problem-/,favorittstader
- 4.4 Skulebruk

5. Informasjon

- 5.1 Informasjonsbrev skular/elevar
- 5.2 Informasjonsbrev foreldre Guide
- 5.3 Presentasjon barnetråkk

6 .Rettleiar "Barnetråkk, veileder 2010"

For fullstendig rettleiar, Norsk Form. "Barnetråkk , veileder 2010. Registrering av barn og unges arealbruk.", sjå link:

<http://www.husbanken.no/Venstremeny/bibliotek/~media/3CD0DC8A5DB143788A847F3A14DF6448.ashx>

7. Samlekart, heile Øygarden A0

